



Arkiv: FA-K44, TI-&00
JournalpostID: 22/2807
Saksbehandlar: Mandy Häger
Dato: 08.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 17/22	Nærings- og utviklingsutvalet	14.03.2022

Framlegg til ny forskrift om utvida bandtvang for hund i Sykkylven kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Alternativ 1:

Nærings- og utviklingsutvalet (NU) vedtek å legge ut ny forskrift om utvida bandtvang for hund i Sykkylven (versjon 2), til 2- gongs høyring. Bandtvangsperioden vert utvida til 31. oktober i samsvar med vurdering av innspel og merknader etter 1. høyring.

Alternativ 2:

Nærings- og utviklingsutvalet vedtek at ny forskrift om utvida bandtvang for hund i Sykkylven (versjon 1) vert oversendt til kommunestyret for endeleg vedtak. Perioden for ekstraordinær bandtvang vert sett til 21. august - 30. september.

Nærings- og utviklingsutvalet - 17/22

NU - behandling:

Jordbrukssjef Mandy Häger orienterte og svara på spørsmål.
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak alternativ 1 blei samrøystes vedteke.

NU - Vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet vedtek å legge ut ny forskrift om utvida bandtvang for hund i Sykkylven (versjon 2), til 2- gongs høyring. Bandtvangsperioden vert utvida til 31. oktober i samsvar med vurdering av innspel og merknader etter 1. høyring.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Nærings- og utviklingsutvalet vedtok i sak 19/21 å legge forslag til ny forskrift om utvida bandtvang for hund i Sykkylven kommune ut til offentlig høyring. Høyringsfristen vart sett til 24. mai 2021.

Saksopplysningar

Innan fristen kom det inn følgjande uttalar:

Offentlege		
-	Ingen merknader	
Private		
P1	Sykkylven Bondelag	Bondelaget meiner at forskrifta bør gjelde fram til 20. oktober.
P2	Sykkylven Bonde- og småbrukarlag	Sykkylven Bonde- og småbrukarlag ber om at perioden for den utvida bandtvangen vert utvida til 31. oktober, i samsvar med Stranda sin forskrift. I tillegg vert kommunen oppmoda om å gjere bandtvangreglane betre kjende.
P3	Sykkylven Sau og Geit	Sykkylven Sau og Geit meiner at forskrifta bør gjelde ut oktober, då det framleis kan vere att beitedyr i utmarka då.
P4	Sykkylven Beitelag SA	Sykkylven Beitelag ønskjer at den utvida bandtvangen gjeld til og med 31.oktober. Beitelaget meiner vidare at forskrifta bør presisere at trening av jakthundar krev løyve frå grunneigar der treninga føregår.
P5	Sykkylven Friluftssenter SA	Sykkylven Friluftssenter SA meiner at bandtvangen bør gjelde for alle oppkøyrt løyper på Fjellsetra og ikkje berre rundt Nysætervatnet.
P6	Sykkylven Hundeklubb	Sykkylven Hundeklubb er stort sett samde med forskrifta, men ønskjer ei oversikt over kva område bufe har rett til å beite og faktisk beitar. I tillegg meiner hundeklubben at ordet «rekreasjonsområde» bør presiserast. Når det gjeld kyrkjegard, meiner Sykkylven hundeklubb at det for mange er viktig å få ta med hunden for å besøke gravplassen. Det vert difor føreslått å endre § 5 i forskrifta.
P7	Anders Styrkar Knardal/ Julianne Stavik Knardal	Ber om at det vert utvida bandtvang på Sætre på Ikorndes og i "Sætre og Hellen utmark».
P8	John Henrik Welle	Ønskjer ein betre definisjon på «område der bufe har rett til å beite og faktisk beitar».
P9	Lisa Marthine Utgård	Ber om at forskrifta vert samkøyrt med Stranda. Om Sykkylven og Stranda har like reglar om bandtvang, så skaper det mindre forvirring i områder rundt kommunegrensa, t.d. Fjellsætra og Fausa.
P10	Bjarne Sigurd Drabløs	Ber om at bandtvangen vert utvida til 31. oktober.

Vedlegg 4-15 inneheld kopi av alle innspel.

Vurdering

Lengda på båndtvangsperioden

Det har kome inn fleire innspel på å forlenge båndtvangsperioden til 31. oktober av omsyn til beitedyr. Sykkylven Bonde- og småbrukarlag ber om at forskrifta vert samkøyrt med Stranda sin

forskrift, der den utvida bandtvangen gjeld frå 21. august til 31. oktober. Dette for å unngå forvirring rundt bandtvangsperioden i område rundt kommunegrensa, t. d. Fjellsætra og Fausa.

Administrasjonen er samde i at ulike bandtvangsperioder langs kommunegrensa kan skape utfordringar. Fjellsætra er eit mykje brukt område, der ein har opplevd store problem med laushundar. Å samkøyre seg med Stranda kommune hadde dermed vore eit konkret tiltak for å redusere konfliktnivået i området.

I tillegg ser ein at klimaet vert mildare og beitesesongen vert lengre. Det er såleis ikkje uvanleg at beitedyr i enkelte område kan gå ute til langt ut i oktober. Ein kan dermed forsvare ein ytterlegare utviding av bandtvangsperioden til 31. oktober.

Dersom Nærings- og utviklingsutvalet går inn for å utvide bandtvangsperioden til 31. oktober vil dette utgjere ei større endring av forskrifta som må leggest ut på høyring. Mindre justeringar kan gjerast utan ny høyring.

Kart over område der bufe beiter

Sykkylven Hundeklubb etterspør oversikt over kva område bufe har rett til å beite og faktisk beiter. Administrasjonen er samde i at det kan vere vanskeleg for hundeeigarane å vite kva område det gjeld. Hundelova er tydeleg på at utvida bandtvang ikkje kan fastsettast i større grad enn nødvendig. Dette gjeld både for beitedyr og vilt. Å innføre ekstraordinær bandtvang i heile kommunen vil såleis vere i strid med hundelova, med mindre kommunen faktisk kan dokumentere at det er behov for det. Når det gjeld vilt så ligg det ikkje føre verken biologiske eller klimamessige grunnar for å utvide bandtvangen jf. viltansvarleg. Viltlevande dyr er mest sårbare om våren og sommaren i våre område.

Behovet for utvida bandtvang ligg med andre ord i hovudsak hos beitenæringa.

På grunn av ufullstendig oversikt over beiteområda i kommunen tok administrasjonen kontakt med landbruksnæringa for å oppdatere beitelagskartet i NIBIO (Norsk Institutt for Bioøkonomi). Innan tilbakemeldingsfristen kom det inn 12 merknader frå bøndene i kommunen. Sjå tabell nedanfor.

Område som manglar i beitelagskartet		
B1	Anfrid Kulseth	Der er det ikkje avmerka område: Slettegjerde-Straumsheimssætra-Straumsheimsdalen-Gjerdekollen-Storefjellet-Keipen, og over mot Riksheimdalen. Beiteområdet frå Søvikdalen til Vassetra, skulle vore litt lenger mot Aursneset. Frå Hjellane, Lassegjerde og utsida av vegen til Vassetra. Vellesætra til Gullmorvatnet/ Barstadråsa manglar i kartet.
B2	Arnt Ove Aure	Følgjande områda manglar i beitelagskartet: (1) eit område frå Klokk til Løvold, der dyra kan gå heilt ned til vegen/bygda, (2) området Frå Fausa mot Stranda og Nysetervatnet, (3) området frå Fastein-dalen mot Fausa og Skjortneset, (4) frå Fjellsætra, opp Tudalen, mot Revsdalshornet og Sunndalen, (5) Regndalen, (6) Straumsheimsætra/Riksheimdalen, (7) Blakstad/Kolda, (8) Vass-sætra, vest til vegen, og eit stykke lenger vest øvst oppe.
B3	Barbro Midtgård	Det går dyr ved Skopphornet og ned mot Kalldalen, samt på Hundasida og Hundatinden.

B4	Finn Atle Oldeide	Det går sauer i heile Riksheimdalen, Straumsheimsdalen, Gjerdekollen, Tverrfjellet mot Medgardsdalen og mot grensa til Trandal. Regndalen går det også sauer.
B5	Svein Hjorthol	Følgjande område bør vere med: (1) Regndalen, (2) Gullmordalen, (3) Vassdalen sør for Svartvatnet, (4) Tudalen og (5) Riksheimdalen.
B6	Odd- Kristian Kulseth	Tynesfjellet bør vere med, samt Hammersettindane (mellom Gimsdalen og Straumsdalen).
B7	Peder Vik Stave	Straumsheimsdalen bør også vere med i lag med Riksheimdalen og Gjerdekollen. Det skjer også at sauer går frå Megardsdalen, over Skopphorn og ned mot Kaldalen.
B8	Sindre Alnes	Regndalen.
B9	Styrkar Gard	Ber om at Sætre vert lagt inn i kartet av omsyn til beitedyr. Fleire grunneigarar og turgåarar som nyttar landbruksvegen til Sætre og Hellen grunneigarlag som går fram i Sæssmarka til Sæssvatna har ytra ynskje om heilårs bandplikt. Det er svært stor trafikk med turgåarar på vegen og mange vegrar seg for å gå tur pga faren for laus hund. Det kunne vere naturleg å ha bandplikt frå Sørestranda skule og rundt vatna.
B10	Terje Haugseth	Vil ha med Løvoldsetra.
B11	Bjørn-Ove Hole	Felles utmarka til gardsnummer 31, samt områda rundt Svartevatnet og Kleivdalsvatnet. I tillegg til nokre skogsteigar frå Leitet til Myrdalssætra.
B12	Bjarne Sigurd Drabløs	Ingen merknad.

Med bakgrunn i tilbakemeldingane frå landbruksnæringa har administrasjonen utarbeida eit kart over område der bufe har rett til å beite og faktisk beiter. Dette kartet kan leggest ved forskrifta. Ein bør likevel vere merksam på at kartet kun er eit rettleiande hjelpemiddel. Administrasjonen har ikkje oversikt over alle hobbybruk i kommunen. I tillegg kan nye produsentar kome til, medan andre kan legger ned. Beitedyr kan også kome over i andre beiteområde. Alle hundeeigarar har difor ei aktsemdsplikt for å unngå at det oppstår uønskte situasjonar.

I kartet er det teke med turområdet rundt Sæssvatnet pga. tilbakemelding frå Styrkar Gard. Her må ein eventuelt diskutere om det behov for å ta med hele området eller om området bør reduserast. Dersom det skal innførast heilårsbandtvang rundt Sæssvatnet må dette takast med i forskrifta, under § 4.

Sjå vedlegg 1 for utarbeida beitekart.

Område med bandtvang heile eller delar av året

Sykkylven hundeklubb kom med følgjande endringsforslag:

§ 4 Område med bandtvang heile eller delar av året:

«Av omsyn til tryggleik for born og vaksne som oppheld seg i og ved oppkøyrde skiløyper, parkar, anlegg for leik, idrett og sport er det bandtvang heile året i nemnde område. Det same gjeld i rekreasjonsområda definert til Haugneset friområde, Aursneset friområde og badeplassen ved

Andestad, samt på skuleområde og kyrkjegard. Dersom hund er med, skal det ikkje vere til hinder for andre brukarar»

Endringsforslaget inneber at også § 5 i forskrifta må endrast, slik at skuleområde og kyrkjegard ikkje lenger vert definert som område der hundar har avgrensa tilgjenge til. Administrasjonen har forståing for at enkelte ønskjer å ta med hunden sin til kyrkjegarden. Administrasjonen meiner likevel at § 5 i forskrifta opnar opp for dette så lenge det er avtalt med områdeansvarleg på førehand. Det same gjeld for skuleområde. Administrasjonen meiner difor at det ikkje er behov for å endre forskrifta på dette punktet. På generelt grunnlag bør ein ikkje opne opp for hundar på skuleområde, då dette lett kan føre til uønskte situasjonar.

Sykkylven friluftssenter meiner at bandtvangen bør gjelde for alle oppkøyrt løyper på Fjellsetra, og ikkje berre rundt Nysætervatnet. Dette er teke omsyn til i den nye forskrifta.

Ny hundelov

Hundelova er under oppdatering. Forslag på ny hundelov har vore ute på høyring hausten 2021, med høyringsfrist 26.11.2021. I påvente av ny hundelov har administrasjonen prøvd å utsetje oppdatering av den lokale forskrifta om utvida bandtvang lengst mogleg. No har det likevel gått fleire månader utan at det har kome signal på når den nye hundelova kjem. Dersom kommunen ønskjer å rekke årets beitesesong bør den lokale forskrifta slutførast før sommaren, uavhengig av tidspunktet for ny hundelov.

Konklusjon

Dersom bandtvangsperioden skal utvidast til 31. oktober må endringa sendast på 2. gongs høyring. Resterande endringar er av mindre karakter og krev ikkje ny høyring. Forslag på ny forskrift følgjer vedlagt. Versjon 1 – utvida bandtvang til 30. september. Versjon 2 – utvida bandtvang til 31. oktober.

Økonomiske konsekvensar

Ingen direkte økonomiske konsekvensar for kommunen.

Bjørnar Midtbust
kommunedirektør

Bjarte Hovland
einingsleiar tekniske tenester

Vedlegg:

Beitekart

Forslag til ny forskrift_versjon 1

Forslag til ny forskrift_versjon 2

Merknad til høyring om ny forskrift for utvida bandtvang

Merknad til høyring om ny forskrift for utvida bandtvang i Sykkylven kommune

Merknad til høyring om utvida bandtvang i Sykkylven kommune

epost

Merknad til høyring om utvida bandtvang i Sykkylven kommune

Høyringsvar frå Sykkylven hundeklubb i høve utvida bandtvang i Sykkylven kommune

Høyringsvar frå Sykkylven hundeklubb i høve utvida bandtvang i Sykkylven kommune

Merknad til høyring om utvida bandtvang i Sykkylven kommune

Merknad til høyring om utvida bandtvang i Sykkylven kommune

Merknad til høyring om utvida bandtvang i Sykkylven kommune

Merknad til høyring om utvida bandtvang i Sykkylven kommune

Merknad til høyring om utvida bandtvang i Sykkylven kommune
Høyring av ny forskrift om utvida bandtvang for hund i Sykkylven kommune
Forslag til ny forskrift om utvida bandtvang i Sykkylven kommune
Behandling i nærings- og utviklingsutvalet
Gjeldande forskrift om utvida bandtvang for hund, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal - Lovdata
Tilbakemeldingar frå landbruksnæringa i samband med utarbeiding av beitekart